



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

O Jacobsen Trelast AS
Tongavegen 94

5635 HATLESTRAND

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2024/2463-11		14.11.2024

Gjeld søknad om igangsetjing av VA og grunnarbeid - 39/29 - Tongavegen 64

Viser til søknad om igangsetjingsløyve mottatt 06.11.2024.

Eitt-trinns søknad om tiltak kom til kommunen 29.07.2024, og mangelbrev vart sendt ut 11.09.2024. Manglar var m.a. at nabomerknad ikkje var endeleg avklara.

Ansvarleg søkjar supplerte søknaden 27.09.2024, men avklaring av nabomerknaden var ikkje del av dette. Endeleg merknad frå eigar av 39/25 kom til kommunen 05.11.2024.

Søknaden inneheld dispensasjon frå avstandskrav og maks BYA i KPA, i tillegg til nabomerknader, difor må saka til politisk behandling i Forvaltningsutvalet.

Dispensasjonssøknaden (frå BYA i KPA) var ikkje nabovarsla, så det gjenstår før søknaden er komplett.

Det kan ikkje gjevast igangsetjingsløyve for deler av tiltaket før eitt-trinnsøknaden og dispensasjonar er behandla. Naboar er ikkje varsla, og vilkåra for igangsetjing er ikkje til stade.

Det kan gjevast IG i dei tilfella der ein har eit godkjent rammeløyve, eller der eit tiltak er heilt i samsvar med alle føresegner i plan- og bygningsloven og gjeldande plan.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Torill Slåke
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Helge Tangerås

Sommarvegen 6

Mottakarar:

O Jacobsen Trelast AS